

**Fra:** Toralf Rutledal (Toralf.Rutledal@hfk.no)

**Sendt:** 23.03.2018 10:45:31

**Til:**

**Kopi:**

**Emne:** Kriterium for tildeling av tilskot

**Vedlegg:** image001.png;Fylkesutvalet vedtak om ymse tilskot.pdf

**Til: Mottakarar av tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2018**

21. februar 2018 vedtok fylkesutvalet i Hordaland kriterium for tildeling av tilskot. I budsjettet for 2018 er det til ulike lag og organisasjonar løyvt 1,3 millionar kroner frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet har vedteke å etablere desse tilskota som ei offisiell tilskotsordning med gjevne kriterium for tildeling og søknadsfrist innanfor ei ramme på 1,5 millionar kroner.

Ordninga vert gjort kjend på fylkeskommunen sine flater (nettsider, Facebook, etc). Søknadsfrist er sett til 1. juni 2018, og søknadene vert lagt fram med tilrådingar i tilknytning til fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019.

Det inneber at søknader om tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal vurderast ut frå følgande kriterium og retningslinjer:

Kriterium:

- Tilskotet går til tiltak som kjem Hordaland-samfunnet til gode, og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmåla som går fram av utviklingsplan for Hordaland.
- Tiltaket kjem ikkje innunder andre HFK-ordningar.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar, for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake.

Krav til søknaden:

- Kort omtale av kva søkjar ønskjer å nytte tilskotsmidlane til, inklusive målsettingar og relevans for
- tilskotsordninga.
- Plan for gjennomføring og vurdering av forventet effekt.
- Søknadssum.
- Enkel rapportering på gjennomføring og resultat av nytta midlar tildelt siste år skal leggjast ved eventuell søknad om nye tilskotsmidlar.

Kven kan søke:

- Lag, grupper, institusjonar og organisasjonar. Einskildpersonar kan ikkje søke.

Som vedlegg til dette brevet er saka med kriterium som fylkesutvalet har vedteke.

Denne eposten vert sendt til alle som tok imot tilskot frå fylkeskommunen i 2018.

Venleg helsing

**Toralf Rutledal**  
Seniorrådgjevar  
Økonomi og organisasjonsavdelinga



Mob: 997 35 565  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)